



Dokid: 17015506 (17/504-9)

Innspel til høyring -
Forvaltningsplan for Ytamo
naturreservat

Luster Kommune
6868 GAUPNE

6876 Skjolden, 18. april 2017

Att: Inger Moe

Vedr. Høyring - Forvaltningsplan for Ytamo naturreservat.

Viser til dykkar annonse i SOGN AVIS, laurdag 8. april 2017.

Eg vil koma med **nokre INNSPEL** i samband med Forvaltningsplan for Ytamo Naturreservat. **Bruk lokale stadnamn (forma av alders tid og bruk) i alle skjøtselplanar i Luster kommune, som eg ønskjer også vil bli gjort no når skjøtselplan for Ytamo naturreservatområde skal bli vedtatt.**

Eg var på eit åpent møte i Skjolden, 30.03.2017, der nokre **fagfolk på feltet skjøtselplanar** presenterte eit **UTKAST** til skjøtselplan for Mørkridsdalen Landskapsvernområde. Dette møte vart leia av styreleiaren i Breheimen Nasjonalparkstyre, **som også er varaordførar i Luster kommune, og som eg reknar med passsar på at stadnamn i stadnamnprosjektet blir fulgt.** Referenten var nasjonalparkforvaltar i Breheimen Nasjonalpark og Mørkridsdalen Landskapsvernområde. **I UTKASTET** til skjøtselplan for Mørkridsdalen Landskapsvernområde var det nytta mange lokale stadnamn, og ein del stadnamn var skreve på ein måte som minner lite om lokal utforming og bruk. Fleire lokale stadnamn var også feil, noko ein bør unngå i skjøtselplanar for framtidig bruk, der dette med historisk bruk og lokal utforming av stadnamnet seier mykje om bruk og skjøtsel. Eg har oppfatta at hensikten med skjøtselplanar, er å kunna nytta dette til framtidig opplæring-bruk.

Likedan var ikkje private eigedomsteigar markert på kart som viser kvar eigedomsgrensene går, noko som vil gjera det mykje enklare å få til tiltak av ulike art, også på eigedomar der ein eller fleire grunneigarar ønskjer å få til eit eller fleire skjøtseltiltak, **med eller utan offentlege tilskot.** **Me har vel også hatt mange nok jordskiftesaker om kven eig kvar i utmarka /stølar i Luster kommune**

Skal tiltakshavar nytta helikoptertransport i eit verneområde så er vel dette med landingsløyve og at grunneigarar har gjeve landingsløyve også ein av fleire sentrale moment innan dagens off. regelverk. Dersom det offentlege skal yta tilskot, er vel ein av forutsetningane at grunneigarar sine eigedomar som blir involvert i eit skjøtseltiltak, også er med i tiltaket og/eller har gjeve løyve til at tiltaket kan skje på sin/deira eigedom, **med dei føringar som eit vern av støls-og utmarksområde medfører.**

Om eit område er verna og/eller freda, så gjelder vel eigedomsretten forsatt for den eller dei som er grunneigarar i eit verna eller freda område, men sjølv sagt etter lov om ferdsel i utmark, m.m. Er Staten sine offentlege kart rett når det gjeld eigedomsgrenser i utmark/stølsområde/fjellområde ? **Vil Staten betala for at karta blir rett oppmålt, i samarbeid med jordskifterett og grunneigarar ??** **Er dette TEMA/SAKSFELT som Luster kommune, v/naturforvaltar, vil visa ekstra merksemnd når Luster Kommune no skal vera med på å utarbeida skjøtselplanar for fleire områder i kommunen**

Eg er av dei som meiner at fornuftig bruk, også er beste vernemåten for dei fleste verneområder. Eg ser også at bl.a. Riksantikvaren og Norsk Kulturarv brukar uttrykk som: **«Vern gjennom bruk».** Eg håpar også at når ein skal **revidera skjøtselplan for Ytamo om 10 – 15 år,** så vil ein kanskje leggja vekt på at det kanskje er mest mulig framtidretta også i dette Ytamo Naturreservat område, å bruka vernemåten **«Vern gjennom bruk»**, også i denne delen av Luster kommune.

I tilsendt referat frå dette møte på Fjordstova i Skjolden, 30.03.2017, stod det: bl.a. **at det var ulike meiningar lokalt** (alternativ fakta?) om skrivemåten til stadnamn som: Mørkridsdalen – Mørkrisdalen og Mørkridsdalselvi – Mørkridselvi.

Eg hørde ingen lokale personar på møte i Skjolden, 30.03.2017. som argumenterte for at elvi i Mørkridsdalen skulle heita Mørkridsdalselvi. **I Fortunsdalen er namnet: Fortunselvi.**

Me på Hauge har leigd ut fiske i Mørkridselvi frå Lensmannsskjønnet i 1958, **::://: sjå vedlegg.**

Side 2.

Eg kjenner heller ikkje til at det er mange som meiner at elvi som renn ned gjennom Jostedalen skal heita Jostedalselvi, **men at rett stadnamn på denne elvi skal vera JOSTEDØLA.** Eg trur ikkje Jostedal Historielag, Jostedal Bygdslag eller Jostedal Grunneigarlag vil skriva namnet på elvi slik, og eg trur heller ikkje grunneigarlaga i Gaupne og på Røneid vil skriva namnet slik.

Eg har registrert at utanbygds-selskap og utanbygdspersonar tenkjer at elvi gjennom ein dal må ha samme namnet som dalen elvi renn gjennom, og at desse såleis kanskje vil skriva Jostedalselvi ??
Bør slike eventuelle feil rettast opp før forslag/utkast blir lagd ut til offentleg høyring ?

Når eg tek desse lokale stadnamn spørsmåla opp no, i samband med at Forvaltningsplan for Ytamo Naturreservat no er på høyring, **med frist, 15. juni 2017,** så er det for å minna oss alle, **inkl. Luster kommune,** på at Luster Kommune nettopp har levert inn til FYLKESARKIVET **eit lokalt stadnamn prosjekt, med over 15.000 stadnamn** som skal registrerast og digitaliserast.

Luster Kommune, som no har hovedansvar for å utarbeida skjøtselplanar for fleire verneområder i Luster kommune bør vel passa på at når det no skal utarbeidast skjøtselplanar, så blir dei lokale stadnamna som ein gjennom dette lokale stadnamnprosjektet har kome fram til er rett skrivemåte, at også dei firma som skal utarbeida FORSLAG/UTKAST til skjøtselplanar også nyttar seg av dei same lokale stadnamna, ellers kan dei vedteke **skjøtselplandokument få noko feil innhold??**

Eg oppfatta dei fleste som var tilstades på møte i Skjolden, 30.03.2017, vart noko overraska over formen på UTKAST til skjøtselplan for Mørkridsdalen Landskapsvernområde hadde, og at det var nytta fleire lokale stadnamn **som var direkte feil og at planen skulle gjelda innanfor vedteke grenser.**


Er dette med lokale stadnamn og eigargrenser på private grunneigedomar, noko Luster Kommune sin sakshandsdammar for Ytamo Naturreservat, **Inger Moe,** vil visa ekstra oppmerksomheit når no **Luster Kommune skal «ta ein siste gjennomgang», før eit vedtaka blir fatta.**

Tillitsperson for grunneigarane, **Hans Edin Prestegård,** er vel ein person som har god kunnskap om dette Ytamo Naturreservatområde. Han kjenner vel sansynleg også til andre personar som kan hjelpa til med mykje god lokal kunnskap, slik at også **dette feltet/TEMA** blir bra ivareteke i planen. Bør det i ein skjøtselplan for **Ytamo** også liggja ved kart som viser både grunn-og elveeigargrenser?

:://:: Eg legg ved 3 stk. A-4 ark som kan visa korleis ein kan dokumentera historiske vedtak.

1. Elveeigargrenskart for Mørkridselvi, bygd på kart oppmålt i 1878. **Er noko slikt gjort i Jostedøla?**
2. Er det halde Lennsmannsskjøn for grense ELV/SJØ i Gaupne, på slutten av 1950-talet ?
3. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sine reglar om fiske i munningsområde i Gaupnefjorden.


Med helsing



Per-Arvid Hauge,
Lustravegen 4350,
6876 Skjolden,
Eigar av Gnr. 79/12.

KOPI TIL: Tillitsperson Hans Edin Prestegård, Gardavegen, 6868 Gaupne.

VEDLEGG: 3 stk. A-4 ark.



gnr. 20 bnr. 9

gnr. 20 bnr. 10

frå kart oppmålt 1878 over Bolstad innmark gnr. 2

MÖRKRIDSELVI

KOP1
QV

Luster herad

påført grenser for fiske frå sak 13/1962

ved Indre Sogn jordskiftesokn

M = 1:2000

VEDLEGG NR 1

Glaes Selli egg
- jordskiftesokn
17-12-1963

U T S K R I F T

av skjønnsbokæ for Luster lensmannsdistrikt, 5830 Luster.

År 1958 den 18. oktober - vart det halde skjønstenesta i Skjolden. -

Skjønnsstyrar: Lensm. Bj. Leirmo
Skjønsmenn: Bonde: Ola A. Røneid, Gaupne
Opsynsmann Anders Stegegjerde, "

Saksøkjær: Sogn Fiskeristyre v/form. Leif Aaberge, Aurland

Saksøkte: 1. Anna Rebni, Skjolden
2. Bolstad fellesskap v/John Galde, Skjolden
3. Johannes Hauge, "
4. Karl Hauge, "
5. Johannes Elohaug, "

Saka gjeld: Fastsetjing av grensa mellom sjø og elv - for det som vedgår Fortunselvi og Mørkridselvi, - i medhold av lov om laks- og sjøarefiskeria av 27.2.1930 §§ 9d og 26d jfr. §42.

Tilstades: Saksøkte nr. 1 v/gardsbestyrar Per Gutubø - og dei andr personleg. - John Galde møtte som grunneigar, og saman med Halvard Bolstad - for Bolstad Fellesskap. -

.

(Ymse formelle ting. B.L.)

Synfaring vart føreteke og partane fekk høve til å uttala seg.

Etter synfaring og samråding i einerom, vart det avsagt sovore

S K J Ø N N

Grensa mellom sjø og elv for det som vedgår Fortunselvi og Mørkridselvi, går etter ei rett lina trekt frå kilometersteinen ved Landsvikknubben - og over til nordvestre hjørna på Eidsnaustøtt

Skjønnsprotokollen vart opplesen for dei som var tilstades, - og galt som forkynning. Dei vart gjorde kjende med reglane for anke. -

Bj. Leirmo (sign)

Ola A. Røneid (sign)

Anders Stegegjerde (sign)



Retningskrift vert vitna:


17 .06. 1958



VEDLEGG NR 2

REGLAR FOR FISKE ETTER LAKS OG SJØAURE MED STONG OG HANDSNØRE FRÅ LAND OG BÅT **UTANFOR JOSTEDØLA**

 Grense elv/sjø
 Munningssone ytre grense



GRØNSE ELV - SJØ

FYLKESMANNEN

VEDLEGG NR 3

100-metersona ved utløp av vassdrag gjeld følgende:

I ei sone på 100 meter utanfor grense mellom elv og sjø er det forbode å fiske med stong frå land i den tida det er fredingsstid i vassdraget.

1 utvida munningsområde (fredingssoner) utanfor 100- metergrensa gjeld følgende:

Det er berre lov å fiske etter laks og sjøaure med stong og handsnøre frå land og båt i den tid det er oppe for fiske etter sjøaure i vassdraget.

Det er ikkje tillate å nytte andre reiskap, som til døme laksedorg og ofer.

Munningssoner, ytre grense, er merka med skilt.

Utanfor munningssona gjeld følgende:

Det er tillate å fiske med stong og handsnøre frå land og båt heile året.

Andre dorgereiskap enn stong og handsnøre er berre tillate i utvida sesong 01.10. – 28.02.

Ved fiske etter laks og sjøaure er det berre tillate å nytte inntil to stenger eller handsnøre per båt, med eitt agn per stong eller snøre.

Les meir på heimesida til Fylkesmannen:

fylkesmannen.no/sfj

